



Frå v.: Vegard, Lena Michelle, Silje, Marte, Ida R., Ida H., Anette og Tonje. Linn var ikkje til stades då biletet vart teke.

**For dei unge fotballtalenta i Rosendal/Uskedal er slett ikkje vinteren kviletid. Etter ein kort pause etter avslutta haustsesong, har mange av dei delteke på ulike samlingar i kretsregi. Som ein del av dette aktivitetstilbodet, har 9 spelarar, i alderen 13-15 år, frå november reist til Stord kvar torsdag for å trenast saman med andre lovande fotballspelarar frå Sunnhordland. Desse samlingane vil gå kvar veke fram til slutten av mars månad.**

Ungdomsleiar i fotballgruppa i Rosendal Turnlag, Arvid Nes, fortel at samlingane er i kretsregi, men det er trenarar og leiarar frå ulike lag på Stord som står for den praktiske avviklinga av samlingane. Treningane føregår på den nye kunstgrasbanen ved Prestegardsskogen idrettsanlegg på Rommetveit. Ungdommane kan såleis boltra seg under særst gode treningstilhøve.

Arvid fortel vidare dette er eit tilbod til dei som allereie er inne på kretslaga pluss spelarar som ligg tett oppunder kretslagsnivå, og såleis aspirerer til ein plass på desse laga. Det er mellom 25 og 30 jenter og om lag like mange gutar med på samlingane på Stord. Rosendal/Uskedal har gjort seg særleg bemerkta ved at dei har ein svært stor del av jentegruppa. Heile 8 jenter frå det gode J-14-laget sist sesong har vore med på samlingane. Det er: Ida Røssland, Linn C. Tveiten, Marte Ingebretsen, Ida Helle, Silje Bråtun, Tonje Skåla, Anette Sandnes og Lena Michelle H. Fausk. Dette medfører at Rosendal/Uskedal dermed er det laget som har flest jenter med på samlinga.

Inspirerende er det nok og for jentene å vita at to tidlegare Rosendalsspelarar er i troppen til elitedivisjonslag.

Monica Næs spelar på Sandviken, medan Lene Mehl er reservekeeper på topplaget Kolbotn.

På gutesida er Rosendal representert med den lovande spissen Vegard Ludvigsen. Ungdomsleiareren kan melde om at dei har fått svært gode tilbakemeldingar på spelarane frå trenerteamet. – Vi ser at mange har utvikla seg enormt. Ikkje minst merkast det på at dei har fått klart betre sjølvtilitt i spelet!

Jofrid Eik, oppmann for det omtala J-14-laget og elles svært aktiv fotballeiar, har vore med som leiar på dei fleste av samlingane. Ho fortel at det er svært inspirerende for dei unge spelarane å delta på dette. I tillegg til trening under dugande trenarar med gode medspelarar, vert og spelarane testa av kretsen sine folk med jamne mellomrom. Dette vert gjort for at ein skal kunna ha eit visst samanlikningsgrunnlag med spelarane frå andre

deler av fylket. I slutten av denne månaden skal det skje ei ny utvelging med tanke på deltaking i den endelege kretsagstroppen.

Jofrid fortel og at treningane er svært godt tilrettelagt. Dei er tilpassa båtrotene til Tide, og arrangørane stiller med bilar på kaien og ordnar såleis transport til og frå Prestegardsskogen.

Den alltid engasjerte Arvid Nes gler seg storleg over den spesielt positive utviklinga som skjer på innan jentefotballen i Rosendal/Uskedal. Samarbeidet mellom bygdene gjev frukter og resulterer i eit svært godt tilbod til ungdommane. Svært glad er han og for at det igjen er påmeldt damelag i serien. Dei skal ha si første trening for sesongen førstkommande fredag kl. 18.30 i Uskedalen.